



Lisbeth Jorun Iversen
Kråkestølen 24
5303 FOLLESE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3916 - 19/38753

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
19.12.2019

Ferdigattest garasje - gbnr 89/4 Haugsmyra

Administrativt vedtak. Saknr: 804/19

Tiltakshavar: Rolf Iversen

Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka frå 06.01.2014.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.12.2019 .

Skildring

Adresse:	Trælandsvegen 291
Bygningstiltak:	Garasjeuthus
Bygningsnummer:	300658859
Bruksareal:	48m ²

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for garasje på gbnr 89/4.

Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.



Før det kan reistas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3916

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lisbeth Jorun Iversen

Kråkestølen 24 5303

FOLLESE